

# NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



## JENTER SOM KAN > 8–9

– Eg hadde lyst til å skriva om jenter eg kjenner, seier den bokaktuelle NRK Super-profilen **Ingunn Thon**.



## NYNORSK NYTT > 6–7

– Før har ein nok vore for rigid, seier VG-redaktør **Gard Steiro**, som opnar opp for nynorsk på redaksjonell plass.



## TIDLEG KRØKAST > 10–11

– Språk er grunnlag for all læring, seier **Petter Steen jr.**, rådgjevar ved skulekontoret i språkommunen Sveio.

## Syng på siste verset

Det kvenske språket er i ferd med å gå i grava.

Kjem førstehjelpa for seint? > **14–17**



## Gje mannen ein medalje!

» Det er ikkje kvar dag eg jublar for ei sak om fedmeoperasjonar på VG Nett. Fredag 10. mars var ein slik dag. Og dagen etter stod det trykt svart på kvitt då me også i papiravisa kunne lesa: «No kan «verdas tyngste kvinne» smila igjen».

» Som sjefredaktør i Bergens Tidende feira Gard Steiro Ivar Aasen-jubileet i 2013 med ei heil nynorskutgåve. Til ellevill nynorsk-jubel. Ikkje lenge etter at han tok over jobben som sjefredaktør i Verdens Gang, kjem nyheita om at han vil mjuka opp det redaksjonelle nynorskforbotet i Noregs største tabloidavis. Det fortener applaus!

» VG-journalist Jostein Matre si sak om den egyptiske kvinnen er kanskje ikkje ein tematisk tungvektar, men eit viktig lodd på vekt-skåla for nynorsken. Det er prov for ei godt gjøymd hemmelegheit, som me nynorskbrukarar har visst lenge: at nynorsk ikkje berre eignar seg i dikt. Som også Årets nynorskbrukar, etterretningssjef Morten Haga Lunde har vist, er nynorsk eit effektivt språk som kan formidle kva det måtte vere; tunge rapportar, stor litteratur, humor, handlelister og tabloide nyheter.

» Det er mykje som vitnar om at dei språklege haldningane i vestlandshovudstaden Bergen er i ferd med å snu. At Hordaland Høgre kjempa mot å fjerna eksamen og karakter i sidemål er eit prov på dette. Det ser ut til at Steiro har teke med seg dei gode haldningane over fjellet til hovedstaden. Eg kryssar fingrane for at dette positive språksynet er smittsamt, slik at Are Kalvø i framtidia ikkje vert den einaste som får skriva fast på nynorsk i Aftenposten.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Andrea Rygg Nøttveit,  
andrea@framtida.no,  
tlf. 48140 342

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

# Nynorsk lønn

**EI AV DEI BESTE** sidene ved å vere mållagsleiar, er at du får sett mange delar av landet som du truleg elles ville ha forsaka for heilt andre himmelstro. Dei aller fleste stadene eg har vore, ligg naturleg nok i randsonene der nynorsken er pressa og det gjeld å vise musklar, som i Rogaland og på Nordmøre. Nå i mars har eg endeleg også fått møte hyggelege målfolk i det nynorske kjerneområdet – i Førde og på Sandane arrangerte Sogn og Fjordane fylkesmållag ved Torleik Stegane seminar om nynorsk i næringslivet.

**DAGEN FØR VESTLANDSTUREN** var eg i den lokale Kiwi-butikken der eg bur i Fredrikstad. Som om det skulle vere ein del av «nynorsk-i-næringslivet»-opplegget mitt, hadde butikkeigarane i Plankeby'n sett ut ein stor utstillings-stand for Lerum-produkt midt i sjappa. På slike står det som kjent: «Ekte vare smakar best» og «Utan tilsett sukker». Så kom min gamle lærar-venn Bjørn ruslande med handlekorga, og eg kunne ikkje dy meg for å gjere eit eksperiment.

– Du Bjørn, ser du noko spesielt med denne utstillingsgreia her? spurde eg.

– Ne-ei, sa han Bjørn, – det er vel kanskje det der, da?

Han hadde oppdaga eit Nora-glas som var plassert blant Lerum-glasa.

– Men ser du ikkje at all denne reklamen er på nynorsk, da? sa eg.

Bjørn kika ein gong til, og først da såg han det.

– Åja, sa han.

**BJØRNS REAKSJON VAR** ei lissepasning for meg når eg skulle halde innlegga mine i Førde og på Sandane. Den viste at folk generelt har vant seg til nynorsk i samfunnet nå. Eg trur nynorskfolk har lett for automatisk å drive «sjølvsensur» andsynes bokmålsfolk. Det er litt for lett å tenke at dei som framleis legg dansk skrift til grunn for skrivinga si, blir plaga av å sjå nynorsk. (Det er kanskje ikkje rart at ein tenker slik, gudane skal vite at pressa framleis har nok av sure oppgulp om nynorsken, både frå dyrlegar og vanlege kverulantar.) Men så er det altså slik at fleirtalet ikkje legg spesielt merke til at det er nynorsk, ein gong.

Det trur eg er fordi folk i heile Noreg er vande med å sjå nynorsk nå etter kvart, ikkje minst takk vere filmtekstinga til NRK. Om du spør ein person etter at hen har sett ein krimeepisode, om det var teksta på bokmål eller nynorsk, så har dei rett og slett ikkje lagt merke til det.

**EIN ANNAN INNLEIAR** på seminara i Sogn og Fjordane, Einar Måseide, kunne fortelje at gjennom ein lang karriere som forsikringsagent i Trøndelag, så hadde han ikkje fått ein einaste negativ kommentar på at det skriftelege materialet han gav kundane, var på nynorsk. Om dei sa noko, så var det at dei syntest det var fint. Kundane stolar på ein person som tør å vere seg sjølv, og i forsikringsbransjen er det ekstra viktig å inngi tillit.

**DET NÆRE SAMBANDET** mellom nynorsk og identitet kom også tydeleg fram blant andre som snakka om nynorsk og næringsliv på seminara i Sogn og Fjordane. Ei av dei var Mona Steiner Brekk, som fekk Noregs Mållags nynorskstipend i 2015 og brukar nynorsken aktivt i marknadsføringa av mange produkt med utgangspunkt i Basthaugen Gard på Radøy i Nordhordland.

MAGNE AASBRENN

Leiar i Noregs Mållag



**EIT VELDIG SPENNANDE** innslag på seminara kom frå Frydenbø Bil, eit bergensfirma som har tre filialar i Sogn og Fjordane. Der kunne regiondirektør Lars Endre Gimmestad fortelje at dei brukar nynorsk aktivt og medvite i annonseringa. Ekstraarbeidet dei må gjennomføre da, inneber ekstra kostnader, men det blir meir enn vege opp med at det bygger opp om kundelojaliteten. – Skal vi få ei tett tilknyting til marknaden, må vi ha noko som styrker forholdet, sa Gimmestad. – Bruk av nynorsk er difor blitt ein naturleg del av strategien vår og knyter oss nærmare til kundane. Nynorsk er også eit klart og tydeleg språk. I all marknadsføring er det viktig at kunden forstår det vi prøver å formidle.

**FOR MANGE NÆRINGSDRIVANDE** som vil nytte nynorsk, kan det bli naudsint å ta ein strid med

# er seg



Illustrasjon: Kjartan Helleve,

«kjeden» som ligg bak og på autopilot produserer alt reklamemateriell på bokmål. Frydenbø har tatt den kampen, og nå angrar tydelegvis ingen av partane på det.

Eit synleg resultat av denne politikken hos bilfirmaet, er at i nynorskavisene i fylket finn du heilsides, profesjonelt laga annonsar for noko så handfast som bilar. For den jamne lesaren styrker dette inntrykket av at nynorsk ikkje berre er eit «kulturspråk», men òg eit språk som kan nyttast i praksis når større summar skal skifte eigar. Det er nett i næringslivet bruk av nynorsk har eit stort utviklingspotensial.

**EIT FINT HJELPEMIDDEL** for dei som vil nytte nynorsk ved kjøp og sal, er elles heftet «Blest» som blei produsert av Ulstein Mållag i 2014. Her finn ein framlegg til annonsar, råd for å unngå vanlege feil og ikkje minst ei ordliste. Kva heiter «høstens mote» på nynorsk? «Haustmoten» så klart. Heftet kan tingast frå Skrivarstova til Noregs Mållag.

**NÆRINGSDRVANDE SOM VIL** gå over til nynorsk, må vere budde på eit oppgjer med «strigla marknadsfolk» som Firda tidend kallar motstanden. Men når den striden er overstått, ventar auka kundelojalitet.

Og forresten - nynorskannonsane til Frydenbø blir laga av eit reklamebyrå i Moss - så der fekk vi også

eit prov på at nynorskkunnskapar gir jobb og inntekt over heile landet, altså eit argument for sidemålsundervisning.

Så er det vel kanskje dei som vil kritisere meg denne gongen for at eg har gått for langt i å drive tekstreklame for namngitte firma? Vel, til den innvendinga har eg berre eitt svar – og det står i overskrifta her.

**“** Næringsdrivande som vil gå over til nynorsk, må vere budde på eit oppgjer med «strigla marknadsfolk». Men når den striden er overstått, ventar auka kundelojalitet.

Hei VG! Hva kommer det av at dere står så hardt på å bruke nynorsk? Det er mange som ikke forstår nynorsk.

**Reaksjonane på VG-saka**  
«No kan «verdas tyngste kvinne» smila igjen», lét ikkje venta på seg.

Nynorsk luktar ulikt i ulike medium. Behovet for å halde seg for nasen ser i alle fall ut til å vere avhengig av kanalen.

**Torgeir Dimmen lurer på om verda står til påske når VG har publisert ei sak på nynorsk, som ikkje handlar om nynorsk.**

... både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar treng å sjå at nynorsk kan brukast til alle slags saker, ikkje berre til lesarinnlegg, dikt, helgekommentar ved Are Kalvø og i intervju med Jon Fosse.

**Torgeir Dimmen slår eit slag for nynorsken i VG.**

Hvordan skal jeg kunne gjøre jobben min som bystyrerepresentant når jeg må pøye gjennom opptil 2000 sider på nynorsk på en uke! ?

**Terje Storm Unheim i Ålesund Frp fryktar eit «babelsk godstog»**

I tillegg kjem størrelsen på det personlege rommet faktisk også an på kor nært ekvator ein har vaks opp, viser undersøkingar. Jo nærrare ekvator, jo mindre personleg rom har ein behov for. Det er kanskje unødvendig å seie, men Noreg ligg ganske langt frå ekvator.

**Nynorskpraktikant Ragna Bogsnes Hegge er ein stolt seteokkupant**

...e vett at rettskrivinga mi langt ifrå er rektig, men et rettskrivingsprogram på datamasjinien min forvirrer meg fullstendig! Det programmet kan nemlig ikkje verneverdig frolandsdialekt!

**Frolendingen Gonder på sistesida til Frolendingen**

Jeg legger om dialekten fordi jeg ikke har tålmodighet nok til å vente på at østlendingene skal forstå hva jeg sier.

**Sjølvhjelpsforfattar Anne-Gunn Halvorsen har mått ta drastiske grep i eige liv**

«Bli med i Poetisk Sakteparti. Vi går til val på at fortida er ei mogleg framtid.»

**Dagsavisen dekkjer alle landsmøte denne våren**

Poetisk Sakteparti vil ha pålegg om at dei som vil ha kjærleik, må ta ungkarane først, ikkje dei alle reie gifte. Gir færre skilsmisser.

**Poetisk Sakteparti nyttar Twitter for å fremmma hjartesakene sine**



**Til sides:** Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen (H) fekk med seg landsmøtet i partiet på å programfeste avvikling av sidemålskarakteren.

Foto: Berit Roald / NTB scanpix / NPK

## Vil framleis fjerne sidemålskarakteren

**LYTTA IKKJE:** Protestane frå Vestlands-Høgre hjelpte ikkje: Landsmøtet i Høgre gjekk inn for at partiet skal arbeide for å fjerne eksamen og standpunkt-karakter i sidemål.

Fylkeslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane er ueinige med moderpartiet i spørsmålet om sidemålskarakter i norskfaget. Begge ønskjer dei å halde på karakteren i skriftleg sidemål. Men fleirtalet på landsmøtet ville det annleis.

Programvedtaket på landsmøtet 9.–12. mars vart slik: «Høyre vil redusere antall karakterer i norskfaget fra tre til to, én for muntlig og én for skriftlig norsk.»

– Eg er litt skuffa, men vi har jo sett kva veg vinden blæs, seier fylkesleiar Vidar Grønnevik i Sogn og Fjordane Høgre til NRK etter vedtaket.

– Vi hadde forventa og håpt å halde oppe karakteren slik han er i dag.

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen (H), som òg var leiar for komiteen som utarbeidde forslaget til nytt partiprogram, trur på si side det vil vere til gagn for nynorsken om karakteren i skriftleg sidemål blir lagd vekk.

– Om ein er oppatt av nynorskens ve og vel, er det ingenting som tyder på at språkpolitikken dei siste tretti åra har gitt fleire nynorskbrukarar. Dessutan er eg redd for at vi kvart år utdannar 10.000 elevar som ikkje blir glade i nynorsk. Det burde ein vere, seier Isaksen.

Kjærleiken til nynorsk skal kome gjennom lesing, litteratur og språkforståing.

Leiar Magne Aasbrenn i Noregs Mållag gler seg over at nynorskopposisjonen i partiet fekk markert seg tydeleg på landsmøtet, men er skuffa over at landsmøtet ikkje ville sikre nynorsken gjennom eigen sidemålskarakter.

– Når fleirtalet i Høgre vil fjerne sidemålet, fjernar dei kunnskap om kulturarv, identitet, språk og kultur både frå bokmåls- og nynorskelevar. Dei over 75 000 elevane som veks opp med nynorsk hovudmål, treng å møte til dømes lærarar, prestar og juristar som òg kan nynorsk. Høgre sin politikk fjernar denne kompetansen frå samfunnet, seier Aasbrenn.

(@NPK)

## Sogn og Fjordane ønskjer seg Språkrådet

Viss Språkrådet også skal flytte ut av hovudstaden, er Sogn og Fjordane villige til å ta det imot.

– Fylket vårt bør setje seg som mål å få Språkrådet hit, seier fylkesmann i Sogn og Fjordane **Anne Karin Hamre**, til avis Firda.

Fylkesmannen ser altså moglegheiter til å sikre Sogn og Fjordane fleire utflytte statlege arbeidsplassar enn dei Fredskorps- og NVE-stillingane som konkret var aktuelle då regjeringspartia og Venstre la fram planane sine.

På lista over oppgåver, funksjonar og einingar som blir planlagde eller vurdert omlokaliserte, står også Språkrådet, som i dag har 34 tilsette. Kulturdepartementet skal i 2017 vurdere om denne eininga skal lokalisera utanfor Oslo.

– Dette er ei eining det kan vere verd å kjempe for å få hit til Sogn og Fjordane. Vi har høgskulemiljø i både Sogndal og Førde. Dei fagmiljøa vi har, rekrutterer godt og har høg stabilitet. I tillegg har vi eit sterkt nynorskmediemiljø i Førde, som også inkluderer Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter. Kommunikasjonane er gode, og administrasjonsmiljøa i fylket er godt trenar i å jobbe desentralt og bruke IKT, seier Hamre. (©NPK)

## – Nei til reklame på engelsk

Eit fleirtal av befolkninga synest reklame retta mot nordmenn bør vere på norsk, går det fram av ei ny granskning frå Språkrådet. 57 prosent av befolkninga meiner at all reklame bør vere på norsk, og fleirtalet har ikkje tru på at engelsk marknadsføring i Noreg fremjar sal.

## Skal kåre årets nynorskjournalist

1. april er fristen for å kome med framlegg om kven som skal få Kulturdepartementet sin årlege nynorskpris for journalistar. Prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 30. juni i år. Målet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media og å ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk. Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.



## Vil pakke i Den ku

– Me meiner at me no har det klart beste partiprogrammet for nynorsk, seier fylkesleiaren for Sogn og Fjordane SV.

På landsmøtet 17.–19. mars fekk Vibeke Johnsen, fylkesleiar og stortingskandidat for Sogn og Fjordane SV, med seg partiet på eit forslag om at Den kulturelle skulesekken (DKS) skal ha eit breitt tilbod av kulturproduksjonar på nynorsk, saman med ei rekkje forslag for å styrkja nynorsken i opplæringa (sjå faktaboks).

Føremålet med forslaget er at barn og unge skal bli eksponerte for nynorsk gjennom kultur, også i bokmålsområde, forklarer Johnsen.

– Me meiner ein må vera medviten når ein kjøper inn produksjonar til Den kulturelle skulesekken, at ein også tenkjer språkpolitisk.



**Sviktar ikkje:** Vibeke Johnsen er stortingskandidat og fylkesleiar for Sogn og Fjordane SV.

Foto: SV

# ka meir nynorsk ulturelle skulesekken

## »SV OM NYNORSK

### Nynorsk i arbeidsprogrammet til SV for 2017-2021:

- ▶ alle elevar skal møte både nynorsk og bokmål tidleg i skulelopet
- ▶ undervisning, karakter og obligatorisk eksamen i hovudmål og sidemål både i ungdomsskulen og studieforebuande vidaregående opplæring
- ▶ elevane i ungdomsskulen skal få rett på opplæring i hovudmålet og rett til å høyre til i eiga målformgruppe («Odda-modellen»)
- ▶ nynorsk språkstimulering i barnehagen i nynorskområde, og sikra at barnehagelærarutdanninga gjev studentane god kompetanse i både nynorsk og bokmål
- ▶ sikra at lærarutdanningane gjev tilstrekkeleg kompetanse til dei som skal undervise i nynorsk som hovudmål og sidemål
- ▶ norskopplæringa for vaksne innvandrarar skal skje på nynorsk i nynorskkommunar

Elevane møter saktens nok bokmål, seier ho.

Forslaget kom frå eit mindretal i landsstyret, og hadde støtte frå mellom andre partileiar Audun Lysbaken. Sjølv om fleirtalet i landsstyret i utgangspunktet var imot, fekk forslaget trygt fleirtal på landsmøtet.

### VIL IKKJE STÅ ÅLEINE

DKS er finansiert av tippemidlar og ligg under den statlege etaten Kulturtanken, men det er kommunane og fylka som kjøper inn kulturproduksjonar til sine skular.

Guro Kleveland, kommunikasjonsleiar i Kulturtanken, skriv i ein e-post

at det finst mange produksjonar på nynorsk i skulesekken allereie, men har ikkje oversikt over kor mange.

Ho fortel samstundes at det ikkje finst nokon språkpolitiske føringar eller mål for DKS i dag.

– Det er aktørar rundt om i landet som lagar og leverer produksjonar til ordninga Den kulturelle skulesekken, ikkje vi i Kulturtanken, peikar Kleveland på.

**DEBATT BLEI STOPPA** I førsteutkastet til nytt arbeidsprogram føreslo eit mindretal i programkomiteen ei kursendring for SV i språkpolitiken, då dei gjekk inn for å fjerna eksamen og karakter i sidemål.

Då førsteutkastet blei lagt fram, stod det opphavleg at fleirtalet gjekk inn for å svekkja sidemålet, noko som vekte oppsikt blant målfolket. Dette viste seg å vera feil.

Forslaget blei uansett stoppa i partiorganisasjonen, og var ikkje opp til debatt under landsmøtet, etter kva Framtida.no forstår.

RUNAR BJØRKVIK MÆLAND  
[Framtida.no](http://Framtida.no)

## Etterretnings-sjefen er Årets nynorskbrukar

– Det har alltid vore viktig for meg å halde på identiteten min ved å nytte mitt eige talespråk. Etter kvart som eg har fått leiande stillingar i Forsvaret, har eg også lagt vinn på å nytte nynorsk i offentleg kommunikasjon, seier prisvinnar Morten Haga Lunde i ei pressemelding frå Nynorsk kultursentrum.

Sjef for Etterretningenstenesta, generalløytnant Morten Haga Lunde, får prisen «for å gi bruk av nynorsk den autoriteten som trengst på eit område som har vore mindre språkleg mangfaldig enn resten av samfunnet.»

Prisen, som i år vert delt ut for 17. gongen, går til ein person eller institusjon som gjennom sitt føredøme eller praktiske



Foto: Forsvaret

**Målmedveten:** Morten Haga Lunde frå Os i Hordaland er generaløytnant i Forsvaret og sjef for Etterretningenstenesta frå 1. januar 2016.

arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

Styret i Nynorsk kultursentrum hadde i år 38 kandidatar å velje mellom, men hadde ikkje problem om å samle seg om tildelinga.

Lunde la nyleg fram rapporten «Fokus 2017. Etterretningenstenesta si vurdering av aktuelle tryggingsutfordringar». I tillegg er nettsida Forsvaret.no/fokus på nynorsk, noko som ifølgje Ottar Grepstad er alt anna enn sjølv sagt.

– I statistikkane for bruk av nynorsk i offentleg kommunikasjon har Forsvarsdepartementet dei fleste åra vore ein av verdingane. Det skal mykje til for å gi ein pris til nokon for at dei følgjer norsk lov, men språkleg jamstilling i offentleg forvalting er eit leiaransvar. Lunde er eit lysande døme på kva som skjer når leiarar tek det ansvaret og gir bruk av nynorsk ein autoritet som ikkje kan drøftast eller bortforklarast, seier direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad.

Prisen er på 100 000 kroner og eit grafisk blad av Arne Nøst som blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela i Ørsta 29. juni. Lunde kjem til å gi prissummen til ei verdig føremål.

– Me har vore for rigide, seier VG-sjef **Gard Steiro**.

# Opnar opp for meir nynorsk i VG

**LANDETS STØRSTE AVIS** har frå før godkjent bruk av nynorsk på debattpllass, i enkelte bokmeldingar av nynorske bøker og i enkelte saker som har handla om nynorsk. Men saka om verdas tyngste kvinne, som er skriven av nyhendejournalist Jostein Matre, skal vera den første vanlege nyhendesaka som er skriven på nynorsk i VG sidan starten i 1945.

– Saka var eit lite eksperiment, fortel Gard Steiro, ansvarleg redaktør i VG, når Framtida.no klarer få tak i han etter han har vore i USA ein tur.

– Tanken er å mjuka opp språkrenlane i VG.

**IKKJE SIDESTILLING** – VG har som ambisjon å vera ei nyhendeavis for heile landet. Då må det òg vera rom for nynorsk i nyhendejournalistikken, seier Gard Steiro.

I ein digital tidsalder, når VG òg kan tenkja seg å bruka redaksjonelt stoff frå andre, er det naturleg å opna for nynorsk, legg han til.

Det blir ikkje noka radikal omlegging i VG og sidestilling mellom nynorsk og bokmål, men ei oppmju-king, ifølgje Steiro.

– Men det er ein del saker som bør vera på nynorsk. Det vil vera underleg å intervjuja Jon Fosse om kunsten hans på bokmål.

## – FOR RIGIDE TIDLEGARE

Då Gard Steiro byrja som sjefredaktør i VG rett over nyttår, gjekk Norsk Mållungdom ut og håpte at Steiro tok med seg gode språkhaldningar frå sjefjobben i BT til sjefredaktørstolen i VG.

– Har du med deg noko av synet på nynorsk frå BT?

– Dette har eg meint ganske lenge, uavhengig av jobben i BT. For BT, som har dekningsområde på Vestlandet, er nynorsken ein naturleg del av avisat. For VG, som dekkjer heile landet, bør det vera ei opning for nynorsk, seier Steiro og legg til:

– Før har ein nok vore for rigid.

**– STATUSLØFT** Jostein Matre, journalisten bak den første vanlege VG-saka på nynorsk, seier til Framtida.no at det er hyggeleg å få lov til å bruka nynorsk på jobben.

– Eg bruker nynorsk privat, men har skrive bokmål på jobb i dei el- leve åra eg har jobba her.

Han seier han no vil skriva nynorsk innanfor dei rammene som sjefen set. Matre kjenner til minst éin kollega som vil bruka nynorsk der det er naturleg.

– At språket vårt no kjem oftare på trykk hos VG, kjennest som eit statusløft for heile nynorsken, seier Jens Kihl, nestleiar i Noregs Mållag i ei pressemelding. Han er sjølv nynorskskrivande journalist i Klas- sekampen.

– Lite visste me at det var ein fedmeoperasjon i India som skulle markera vendepunktet for nynorsken i VG. Men ja, det har stundom kjendest som verdas tyngste kamp, legg Jens Kihl til. Mållaget er svært glade for at det no er eit hòl i bokmålsveggen i VG og vil takka redak- tøren for oppmjukinga av språkpoli- tikken i avisat.



**Språkveksling:** VG-journalist Jostein Matre skriv nynorsk privat og bokmål på jobb, men er glad for å kunna veksle.

Foto: VG

**Nye takter:** Som sjefredaktør i Bergens Tidende feira Gard Steiro Aasen-jubileet med ei heil nynorsk-utgåve. No har han tatt med seg nynorsken inn i sin nye jobb som sjefredaktør i VG.

Foto: Knut Jensen / Nordiske Mediedager / CC-lisens

– Håpet mitt er at han og resten av VG i framtida vil sjå at nynorsk er like naturleg å bruka i saker om fedme og Fosse. Nynorsk passar til alt, seier Jens Kihl.

Mållaget har arbeidd mot nynorskforbodet i dei store riksavisene i mange år. I 2005 stod Noregs Mållag bak kampanjen «Slepp ny-

norsken til i Dagbladet og VG!» som fekk mykje merksem og 36.000 underskrifter. 600.000 nordmenn skriv nynorsk i Noreg, men har – til no – ikkje fått møta språket sitt i redaksjonelt stoff i dei største riksavisene.

SVEIN OLAV LANGÅKER  
Framtida.no



**Lys framtid:** Forfattar Tore Renberg med Marit Ness, leiar i Stavanger Mållag (t.v.) og Unni Elisabeth Hørthe.

## Målblomen til Tore Renberg

Forfattar **Tore Renberg** fekk onsdag 15. februar tildelt Målblomen 2016 av Stavanger Mållag. Forfat- taren, som har gjort stor suksess med bøkene om

Jarle Klepp og Hillevågsgjengen, debuterte i fjor på nynorsk med romanen *Du er så lys*. Han får prisen for å ha markert at nynorsk er eit framifrå skriftmål å nytte i Stavanger.

På sine eigne Facebook-sider kjem Tore Renberg med følgjande lovnad: «Det kjem fleire bøker frå meg på nynorsk».

## Vinjesenteret eitt hakk nærmare mål

Nynorsk kultursentrums har no fått dispensasjon frå kulturminnelova til å bygge det nye Vinjesenteret på tomta til gamle Vinjar skule, skriv Vest-Telemark Blad. Skulen ligg innanfor sikringssona for ein gravhaug frå eldre jernalder. Gravhaugen blei skadd då skulen blei bygd i 1973. Vinjesenteret har planar om å bygge om skulen, i tillegg til å reise ein ny kontorfløy på staden.

– Vi kjem til å bruke dette gravfeltet i nokre av dei forteljingane som Vinjesenteret skal gi publikum.



**På Vinjar skule:** Slik ser ei eit skisseforslag over det planlagde Vinje-senteret ut.

Illustrasjon: Hille Strandskogen Arkitekter / Nynorsk kultursentrums

Samla sett kan difor Vinje-senteret styrke kultur- minnevernet i området, seier Ottar Grepstad, direk- tor i Nynorsk Kultursentrums

**TILSTÅR NOK ET DRAP**

Skrivaren som ikke har vore i Norge i 10 år glemde natalegut i Home i Tykland, her også libet å ha dregt en 22-åring. Men det var ikke et drap, det var et rørlenging. Sjølge i Norge, Torvald meddele. Han var først i land og tilbake etter at han hadde deltar på rørlengingen, og på ein 22 år gammal mann, kom det fram under lenginglengingen i går. (NTB)

**BY OM KOM I HELIKOPTER-KRASSI İSTANBUL**

Mirat syns mannesken døpte dei ei helikopter i kasse z ett TV-bånd i henni bånd og myrtet ned på ein motorvogn i kassen av helikopteret framleid nye personar, blant dem fire nokoheimepassasjerar, en sykkes passasjer, og to typerne, da ulykken skjedde. Ulykkesmannen er ukjent, og kallen blei unntatt, opplyser Søhne, Tykland meddele mener den lettferdane kan ha vært medmørkeende årsak. (NTB)

**4,7%**

Dat amerikanske arbeidsmarkedet blei i februar tilført 235.000 nye jobber, lengt fleire enn forventet, og lønnsnivået blei halde fra 4,8 prosent i januar til 4,7 prosent, viser tall som arbeidsdepartementet la fram i går. Særlig stor venst er det i byggindustrien, som tilbruar oppleide den alvorale verket på nivået til års. (NTB)

# No kan endeleg «verdas tyngste kvinne» smila igjen

**Eman (36) har gått ned 100 kilo**

Av JØSTEIN MATS

**Det er ingen spok å vera overvektig. Det er Eman Ahmed frå Egypt smerteleg klar over. Ein fedmeoperasjon har derfor gjort livet hystigare for 36-åringen.**

– Ho er veldig glad. Ho starta å dansa i noko si, Sosialt barnas er komme tilbake, fortel Mafazah Lakhdar, lege som utførte operasjonen på ein spesialist i India, til CNN.

Rettar dit var alt anna enn svart for kvinnen å vere tilbake. Denne vogn 500 km fra operasjonen. Dåkje bare fullt det er praktisk vanekaker å få ein person med denne visslukka inn på ein fly, ha-

at ho kunne komme til India for å verte operert. Eman fyrst blei teknisk vissom til legen sitt grupp. Han vurde engasjert til India som utøvarkonsulent på Twitter. Ho var på si enda å hjelpe.

Derned komme 20-åringen med kuren sin avsluttet, ho å få lagt seg på operasjonssentralen.

– Den har døptur Lakhdarina soga for at kvinnen har mista over 100 kilo sedan ho kom til spesialisten i New Delhi i februar. I følgje sitt legen

– Ho kjemper for levet kvar eneste dag. Ho er viss et levande hende, som kan eksplodere i kva tid som helst.

**Fleire operasjonar**

Før operasjonen har ho viss lekket til noko annet et slag, som blant anna har gitt ut over takoverna hennar. Njale rundt føtene leggen ein skadem, var viss av skrakkatale og mygga blidde.

– Kvinnen har viss utvikling i føtene sine, men det er ikke viss om det er viss skadet i føtene.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.

– Det er veldig viktig at ho ikke har viss utvikling i føtene sine.</p

Den nye barnebokheltinna Ollis har fått namn etter fem eksepsjonelle kvinner, fordi mor hennar **Ingunn Thon** har hatt ei feministisk oppvakning.

# Sjå opp for Oda Lise Louise Inger Sonja!

– Eg visste ikkje at eg skulle skriva noka bok! Det kom litt utav det blå, fortel Ingunn Thon.

30-åringen debuterte nyleg som barnebokførfattar, men fortel at ho var langt oppi tjuéåra før ho forstod at ho likte å skriva. Ho fekk ikkje spesielt gode karakterar på skulestilane sine, og syntest sjølv at ho var ganske därleg til å skriva. Å koma seg over éi side, var vanskeleg.

– Eg trudde ikkje at eg kunne driva med det. Men så skjønar ein at jo, det går an. Om eg får gjera det på min måte, smilar ho.

I debutromanen Ollis har ho klart å strekkja historia over meir enn 200 sider, med litt hjelp av Nora Brecht sine illustrasjoner.

## SAMANLIKNA MED MARIA PARR

Debutanten har ingen grunn til å frykta bokmeldingane. Meldaren i Dagbladet trekkjer parallellet til Maria Parr sine nostalgiske univers og trillar femmar på terningen for Ollis. I boka møter me ti år gamle Ollis, som har vakse opp åleine med mor si. Plutseleg får mora ein ny ryddefreak-kjærast, og Ollis får ein ny veslebror. For Ollis er det ikkje berre, berre å venna seg til denne nye kvardagen.

Heldigvis har ho nabojenta Gro, som kler seg i kamuflasjeklede og sør i bekørke rom med døra lukka. Ifølgje skaparen kan Ollis verka redd og beskjeden, men ho har likevel klokkartru på oppfinningane ho lagar. For kven har ikkje bruk for ein lysparaply, jakke med innsydd flytevest eller lue med innsydde øyretelefonar?

## »INGUNN THON

- Fødd i 1986
- Frå Ål i Hallingdal, Buskerud
- Har jobba i NRK Super sidan 2009
- Vart først kjent som skodespelaren bak hønedokka Perla i Barne-TV. Har òg jobba i Julemorgen og Reiseradioen. Jobbar i dag med NRK Super på nett og i sosiale medium
- Har studert filmvitenskap ved NTNU og barneteater på Dronning Mauds Minne Høgskule (DMMH) for ho kom inn på NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Har seinare teke ein bachelorgrad i tekst og skribent ved Westerdals høgskule
- Aktuell med debutromanen *Ollis* som er gitt ut på Samlaget og som tekstførfattar bak Påskekrimmen til NRK Super

– Det treng ikkje dreia seg om rå styrke og ein løveaktig sjølvstilling, det kan òg berre vere ein tryggleik i at dette får eg til. Og så er det sjølv sagt heilt greitt å vera litt redd av og til, seier debutanten.

**«PRINSIPPUR»** Førre gongen underteikna møtte den utflytta hallingen, var på dialektleir i Hemsedal, der ho laga reportasje for NRK Super om ungane som reiste til seters for å læra seg dialekt. Måten ungane flokka seg

om tv-personlegdomen på, etterlét liten tvil om at ho var eit førebilete dei kunne identifisera seg med.

NRK Super-profilen vaks opp i Ål i Hallingdal på 90-talet, og hugsar godt korleis «sentrumsungane» også den gongen snakka «bymål».

– Då eg byrja på ungdomsskulen, var det nesten ingen som prata halling. Eg veit ikkje heilt kvifor. Det var ein slags trend då at ein ikkje skulle gjera det, forklarar Ingunn Thon.

Sjølv kallar ho seg «prinsippuri» og forklarar at mamma sine argument for dialekta vog tyngre enn venene sitt nye språk.

– Eg hugsar at eg vart irritert då bestevenninna mi plutseleg hadde lagt om. Det provoserte meg nesten endå meir til å halda på målet, ler Thon.

No ser ho at fleire av venene som la om, har skifta tilbake.

– Når du flyttar heimanfrå, er det plutseleg ikkje så stas lenger. Då er du berre ein i mengda. Det er mange som no seier at dei angrar på at dei ikkje brukte og lærte seg dialekta då dei var små, smilar ho.

Å halda på dialekta og nynorsken viste seg å vera eit lurt val. Me møter forfattardebutanten på Marienlyst etter at ho er ferdig med dagens utfordringar i NRK Super, der ho har hatt fast jobb etter at ho i 2009 var ferdig som praktikant i NRK Nynorsk mediesenter.

Debutromanen skrev ho samstundes som ho jobba frilans for NRK og tok tekstførfattarstudiet på Westerdals.

– Eg berre jobba. Det er først no eg merkar at eg er sliten, men akkurat då var det så viktig for meg å få til alt. For alt var så gøy! seier ei entusiastisk Thon.

**JENTER SOM KAN** – Samlaget ynskte seg ein drivande jentekarakter, rett og slett fordi det er det altfor lite av. Det at det er slik, gjorde meg både irritert og trist, seier 30-åringen.

Ho meiner det er gamle fordømmar som heng att i både hennar eigen generasjon og foreldregenerasjonen, som har vorte vane med at menn er norma.

– Eg har hørt nokre stygge rykte om at når ein kjøper litteratur til barn, kan ein kjøpa begge delar til jenter, medan gutane berre får böker med gutenamn. Då tenkte eg at kanskje eg kan lura nokon til å enda opp med denne boka og likevel synast at det er ålreit, smilar Thon.

Ollis er kort for Oda Lise Louise Inger Sonja, eit langt namn som Thon føler at gjer heltinna hennar litt spesiell. Forfattaren aviserer at Ollis er eit val for å gjera karakteren mindre kjønna, men i ettertid synest ho at det kjønnsnøytrale kallenamnet er ein styrke.

– Eg hadde lyst til å skriva om jenter som eg kjenner, utan at det vert slik: Korleis er jentene? Eg vert irritert på det at nokre måtar å vera på skal høyra til gutane, og andre måtar å vera på skal høyra til jentene. Det er jo berre null!

## FEM FEMINISTFØREBILETE

Grunnen til at Ollis har heile fem fornamn, er at mora hennar har kalla opp dottera etter fem norske kvinner som har utmerka seg i historia. (Målaren Oda Krogh, forfattar og journalist Lise Lindbæk, Louise Isachsen, Noregs første kvinnelege kirurg, Ingrid Bjerkås, Noregs første kvinnelege prest og sist, men ikkje minst, Sonja Haraldsen.) For Thon var dette eit viktig poeng, som ho forklarar med at ho sjølv har hatt ei feministisk oppvakning.

– Eg trur at det kjem til å vera ei bølgje, så kjem det til å løya litt, før det kjem ei ny ei. Eg føler at det er ei bølgje no, men eg håpar at det ikkje er på topp enno. Eg vil at dette skal vera starten på noko, seier Thon.

**Barnevennleg:** – Eg har framleis ikkje bestemt meg for kva eg vil driva med, men den eine raude tråden er at eg vil jobba med eller for barn, seier bokaktuelle Ingunn Thon.

Foto: Andrea Rygg Nottveit

“ – Då eg byrja på ungdomsskulen, var det nesten ingen som prata halling. Det var ein slags trend då at ein ikkje skulle gjera det.



## Språkkommunen Sveio ønskjer å snu dårlege leseresultat til språksuksess, og det startar hos dei minste.



**Lesestund:** Elisabeth Bjørnsen Leland og dei andre tilsette i Sveio barnehage jobbar systematisk med språk. Her les ho med Birk Aleksander Roos og Mathilde Wirkola Lye.

Alle foto: Ingunn Gjærde

# Ungane skal bada i ord

– Me skal ha språkstimulering overalt, seier Aud Nilsen pedagogisk leiar i Sveio barnehage entusiastisk.

Nesten kvar centimeter av vegane i barnehagen i Sveio er dekte av ord, bilde og plakatar. I ein kosekrok sit Elisabeth Bjørnsen Leland og les for to av barna.

– Blomen kan me lukta på, seier ho. Begge barna lener seg fram, heilt inn til bokssida.

– Mhm, kjem det samtykkande frå dei to små.

Sveio er ein av dei 27 første kommunane i landet, og den einaste i Hordaland, som kan kalla seg språk-kommune.

Aud Nilsen er éin av fire ressurs-personar frå kommunen som reiser på jamlege samlingar på Gardermoen. Der ventar rettleiing, oppgåver og fagleg påfyll saman med andre som deltar på språkprosjektet til kommunen.

### DÅRLEGE LESERESULTAT

– Utlysinga frå Utdanningsdirektoratet om å bli språkommune passa som hand i hanske, seier Solfrid Lier Habbestad, kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Behovet var der. Elevane hadde gjennom fleire år skåra dårleg, spesielt på lesetestar. Kommunen

### >> SPRÅKKOMMUNAR

► Språkkommunar er ein del av regjeringa si satsing Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving 2016–2019.

► I 2016 vart 30 millionar fordelt på 27 språkkommunar i 12 ulike fylke

► I 2017 skal 40 millionar delast ut til språkkommunar over heile landet

► 39 kommunar har i år søkt om å bli språkkommunar, og Utdanningsdirektoratet reknar med å vera ferdig med søknadene i midten av april

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

kan rapportera om mange elevar på barnesteget som ligg på det lågaste meistringsnivået i lesing.

Ifølgje kommunalsjefen kom prosjektet på akkurat riktig tidspunkt. Lese- og skrivesatsinga i Sveio rettar seg mot barn frå 0 til 16 år. Å vera språkommune trur ho kan gi kommunen viktig draghjelp vidare.

500 000 kroner har kommunen fått til satsinga.

I tillegg til å auka fokuset på språk, lesing og skriving i barnehage og skule, har ordførar Jorunn Skåden vore ute og delt ut bokpakkar til barnehagane.

– Språkutviklinga startar tidleg. Det er for seint å byrja i 5.klasse. Språkarbeidet må systematiserast allereie i barnehagen, seier ein engasjert Petter Steen jr., rådgjevar ved skulekontoret i Sveio kommune.

### SPRÅK SETT PÅ DAGSORDEN

På småbarnsavdelinga i Sveio barnehage blir grunnsteinane lagde. Dei tilsette jobbar systematisk med kommunikasjon og språk gjennom heile dagen.

– Gjennom å vera språkommune får me vidareført språkarbeidet vårt, seier Nilsen.

Barnehagen har 46 barn og 12 vaksne. Dei jobbar mykje med å ha eit godt språkmiljø og å auka ordforrådet til barna. Ei rekke verkeleg middel blir nytta, og til dei minste er Babblarna-serien tatt i bruk for å stimulera språket, fortel Nilsen.

Figurane og bamsane frå serien er med ungane gjennom heile dagen, og dei tilsette opplever at jo meir kjende dei minste er med figu-



rane, jo meir deltar ungane aktivt under lesesamlingane. Barnehagen har også rundt tjue bokkassar som dei bruker til høgtlesing.

– Det er éin bokkasse til kvar bok. I kassen er det små leikar og gjenstandar som ein også finn i boka. Desse vert brukte til å visa og fortelja med, medan ein les høgt for barna, forklarer Nilsen.

I Sveio les og fortel dei seg gjennom alle situasjonar. Frå boklesing under pottestunda, til fokusord under påkledinga og songkort under måltida. Språkbruk er verkeleg sett på dagsorden i Sveio barnehage.

– Jo meir ein les, jo meir blir ungane glade i det, fortel Nilsen smilende, som ønskjer å utvida barnehagen sitt prosjekt med at foreldre kan låna heim bøker å lesa i.

### BOKMÅLSUTFORDRINGA

Sveio kommune ligg nord for Haugesund, og det er ingen tvil om at nynorskommunen Sveio vert utfordra av nabokommunen når det gjeld språk. Petter Steen jr., som er



**Peikebok:** Mathilde Wirkola Lye, Mathias A Bjørge, Lilja Wistrøm, Vanessa Tveit Sørbo og Emine Stokkenes er flinke å delta i lesestunda med Elisabeth Bjørnsen Leland.



**Broom:** Lesing fører til leik med traktoren frå Mopp og Mikko-boka. Mathias A Bjørge lastar på dyr på lasteplanet.



**Pedagogtriks:** Slik kjem dei minste ungane og peiker på kva bok dei vil lesa, viser pedagog Aud Nilsen. Favoritten for tida er Babblarna.

tidlegare lærar og haugesundordførar, kjenner situasjonen godt.

– Mange blandar nynorsk og bokmål. Når elevane byrjar på videregåande i Haugesund, er det ikkje uvanleg å skifta til bokmål, seier han.

Både Steen jr., kommunalsjefen og Nilsen skryt over satsinga til Ut-danningsdirektoratet på språk.

– Ein har tatt inn over seg at språk er grunnlag for all læring. Det er bra at direktoratet trykker sånn

på med språkprosjektet. Opplegget er fantastisk flott, seier Steen jr.

– Me har aldri jobba så mykje med ei satsing som me gjer no, fortel Habbestad.

No er det berre å håpa på at sat-

singa kjem til å visa igjen på framtidige leseprøvar. Forholda ligg i alle fall til rett for det i Sveio.

INGUNN GJÆRDE  
Framtida.no

**Moderne teater:** – Eg ønskjer ikkje at Hordaland Teater skal vera eit teater som ser tilbake på Vestlandet slik det ein gong var. Målet mitt er å skapa eit moderne nynorsk teater, seier påtropende teatersjef Solrun Toft Iversen.

Foto: Poul Iversen / Hordaland Teater

Heilt sidan ho var barn har **Solrun Toft Iversen** (45) vore oppslukt av teater. Denne våren tek ho over som ny teatersjef for Hordaland Teater.



## – Bergen bør ha eit teater son

(NPK) – Eg er veldig glad og veldig spent. Det er på mange måtar ein draumejobb på grunn av alle moglegheitene som melder seg. Dess meir eg går inn i det, dess klarare blir det at eg kan få vera med å byggja opp noko som er vel verdt å bruka tida si på, seier Solrun Toft Iversen.

No byter ho ut den tidlegare arbeidsplassen ved Den Nationale Scene med den nye nynorske teaterscenen eit steinkast unna. Etter ei storstilt oppussing er Hordaland Teater i ferd med å flytta heile drifta frå Stend i Fana til Ole Bulls plass i Bergen sentrum. Den nye teatersjefen meiner det er på høg

tid at Bergen får ein nynorsk teaterscene.

– Nynorsk er det sjølvsagte språket i Distrikts-Noreg, men distrikta har for lenge sidan flytta inn i urbane strøk og omvendt. Uansett korleis ein snur og vender på det, er Bergen hovudstaden for vestlandsregionen. Der bør vi ha eit teater som spelar på nynorsk og som kan visa at nynorsk er eit potent, dramatisk og moderne språk.

### EIN BARNDOMSDRAUM

Solrun Toft Iversen vaks opp i havgapet på den vesle øya Tofterøy utanfor Sund kommune på Sotra. Allereie som barn forstod ho at det

å driva med teater var den vegen ho ville gå.

– Det melde seg raskt kva eg likte å lesa og leika. Heldigvis hadde eg ein far som forstod at eg trong å sjå teater. Det var eit godt stykke til byen, men han køyrdet meg, og eg fekk sett ein del teater på Den Nationale Scene, fortel Toft Iversen.

Teateropplevingane i barndommen skulle bli avgjerande for yrkesvalet hennar.

### TEK OVER FOR LYNGSTAD

Det siste året har 45-åringen hatt permisjon frå stillinga som sjef-dramaturg ved Den Nationale Scene og vore konstituert teatersjef ved Sogn og Fjordane Teater. Då stillinga som ny teatersjef i heimfylket blei lyst ut, oppmoda styret for teateret henne til å sökja. Ho tek over etter Terje Lyngstad som i august trekte seg etter ein leiarstrid ved teateret.

### RELEVANTE HISTORIER

Den påtropende teatersjefen har

klare tankar om kva slags teater ho ønskjer å skapa.

– Hordaland Teater skal vera eit teater som fortel relevante historier på nynorsk og som tek vare på den vestlandske språkarven, seier ho.

Samtidig er det viktig for henne å skapa eit moderne nynorskteater.

– Eg ønskjer ikkje at Hordaland Teater skal vera eit teater som ser tilbake på Vestlandet slik det ein gong var. For meg er det viktig å skapa eit teater som ser rundt seg i samtida og som kan spela mange nye, gode stykke.

Ho legg til at repertoaret like gjerne kan vera klassiske framsyningarsom nye teaterstykke med vestnorsk klangbotn.

### FOSSE, RAVATN OG GRYTTEN

Sjølv har den nye teatersjefen lenge hatt eit nært samarbeid med Jon Fosse. Ho har til og med skrive masteroppgåve om han. Fosse har lenge vore ein pådrivar for å byggja opp ein nynorsk teaterscene i Bergen sentrum.

“ For meg er det viktig å skapa eit teater som ser rundt seg i samtid og som kan spela mange nye, gode norske stykke.



# n spelar på nynorsk

– Jon og eg har alt hatt nokre svært gode samtalar. Det å ha han på repertoiret synest eg er svært naturleg. Engasjementet hans for Hordaland Teater er eit privilegium å ha, seier ho.

Den nye teatersjefen ønskjer også å knyta til seg fleire andre nynorske forfattarar.

– Agnes Ravatn er ein person eg synest har ei spennande stemme for teater. Eg kan heller ikkje unngå å nemna Frode Grytten som eg har arbeidd ein del saman med og som etter kvart har blitt ein sterk dramatikar. Han er ein forfattar og ein dramatikar eg håpar vi kjem til å sjå mykje meir av på scenen, seier ho.

## TEATERSAMARBEID

Solrun Toft Iversen ønskjer seg også eit tettare samarbeid mellom Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret i Oslo.

– Dette med samarbeid har vore initiert tidlegare også. Eg ønskjer å legga ekstra vekt på det slik at

det ikkje berre blir ein gong i mellom, men at vi faktisk får til fleire samproduksjonar og gjestingar hos kvarandre.

Eit slikt samarbeid trur ho kan ha mykje å seia for den kunstnarlege trivselen.

Teatersjefen er ikkje framand for tanken om å samanlikna Hordaland Teater med Det Norske Teatret i Oslo, men strekar under at nynorskteateret i hovudstaden har heilt andre ressursar og at Logen ikkje kan måla seg med eit moderne scenekunsthus som Det Norske Teatret.

– Strategien min er å gjera det til ein kvalitet og ei dyd at vi har Logen som eit forsamlingshus i Bergen sentrum. Huset har ein sterk atmosfære og god tilgang for publikum. Målet vårt er å laga godt teater innanfor dei rammene vi har og at folk skal kjenna seg velkomne utan at det er så formelt, seier Solrun Toft Iversen.

MARGUNN SUNDFJORD  
NPK

“ Uan-  
sett kor-  
leis ein  
snur og  
vender  
på det, er  
Bergen  
hovud-  
staden  
for vest-  
landsre-  
gionen.

# Torolv Hesthamar

## »MINNEORD

Med bortgangen til Torolv Hesthamar har Noregs Mållag mista ein heidersmedlem. Hesthamar blei utnemnd til heidersmedlem på landsmøtet i Bergen i 2000.

I eit livslangt arbeid for nynorsk og målreising, var Torolv også ein organisasjonsbyggar. Ullensvang Mållag er det lokallaget med høgst medlemstal av alle lokallag målt opp mot folketaket i heradet. Ein avgjerande grunn til dette er Torolv Hesthamar. På det meste hadde laget 254 medlemmer, nesten ti prosent av alle røystefører i heradet!

Han var også svært aktiv for å vekkle opp att sovande lag i Indre Hardanger. Som leiar i Ullensvang Mållag la han eit stort arbeid med mellom anna store kulturelle tilskipingar og bokutgivingar. Laget gav ut namnebøker, diktsamlingar, songbøker og mykje meir.

Då Torolv gjekk av som ordførar etter 16 år i den stolen, gjekk han med full kraft inn i Ullensvang Mållag. Før kommunevalet i 1995 sende Ullensvang Mållag brev til alle som stod på partilistene ved valet. I brevet, som er klårt merkt av tonen til Torolv, heter det m.a.:

«I ein slik samanheng torer me minna deg om at språket, dialekten og nynorsken er svært viktige for folket her i Ullensvang og at heradet høgtideleg har vedteke nynorsk som sitt mål. I 1993 fekk så menn Ullensvang prisen som beste nynorskherad i landet. Ikkje dårleg.

Du er sjølv sagt klar over at slike ting set visse krav til komande folkevald. Me minner om det likevel, slik i forbifarten. Ja, me vil faktisk tipsa deg om at sjansen til å koma heilt inn er større om veljarane veit at du er medlem i mållaget..... For å leggja forholda til rette for deg, som det heiter i visse krinsar, så legg me ved eit innbetalingskort til mållaget, slik at du lettare kan få gjort noko med det....»

Rundt tusenårsdiftet hadde fleire Hordalandsordførarar sendt lesarinnlegg til lokalavisene. I eit referat frå eit styremøte i Ullensvang Mållag kom det fram at lesarbrevet var skrive på bokmål og at styret ikkje tykte særleg om dette. Reaksjonen frå styret var: Munnleg melding same dag. Denne vesle soga fortel oss mykje om målmannen Torolv. Det fremste kjenneteiknet på Torolv var nett at han fekk ting gjort. Og det fort!

Ullensvang Mållag æra Torolv Hesthamar med målprisen i 2008.

Alltid og alle stader var Torolv Hesthamar målmann. Han hadde eit langt liv i politikken, men hjartesaka var målsaka. Attåt det store arbeidet i og for målrørsla, var han sentral i arbeidet med å organisera målarbeidet i kommunane ved å skipa Landssamanslutninga av nynorskommunar (LNK).

Målfolket er eit seigt folkeslag. Alle gir vi vårt vesle eller større bidrag til målreisinga. Torolv Hesthamar var mellom dei som gav alt, over alt og heile tida.

Vi takkar for målarbeidet ditt.

MAGNE AASBRENN  
Leiar



**Språkreir:** Barnehagelærar Edel Skogen Andersen (55) hugsar fornorskinga. Her er ho på kvenskkurs med Katrine Gran Andersen (34) som har sonen Eirik på sju månader og Kine Øien Gran.



**Språkskipet:** Kvensk Institutt er teikna av arkitektane Odd fjella i området og tradisjonshandverk.

# KJØKKENSPRÅKE

Den siste generasjonen som kan kvensk, er i ferd med å gå i grava. Redningsinnsatsen er i gang, men er det for seint?

– Mange seier at det er for seint for kvensk. Det var det for mange, mange år sidan. Me kjem aldri der igjen at folk skal ha det som eit morsmål, og det er heller ikkje utgangspunktet vårt, seier Hilde Skanke.

Den utflytta trønderen er dagleg leiar for Kvensk Institutt i Børselv, men er sjølv berre på frasestadiet i det som kvenane gjerne kallar kjøkken- eller hjartespråket.

Ho jobbar for at språket skal haldast i live, slik at folk framleis kan ha utsikter til å læra det og brukha det.

Skanke er ikkje kvensk sjølv, men har budd i Børselv heile sitt vaksne liv og har kvenske barn. Ho har følgt vekkinga frå tida då

det kvenske ikkje var noko ein snakka om, og fram til i dag.

– No føler eg at ting er i ferd med å falle på plass og at interessa i stor-samfunnet er i ferd med å vakne.

**ARVEN FRÅ FINLAND** På veggane heng svart-kvittbilete av kvenar i den tradisjonelle kvendrakta, som kan minne om den samiske kofta.

Kvenane er ei folkegruppe som innvandra frå Finland i to periodar. Mange kom til kyststrøka i Finnmark rundt 16–1700-talet for å drive jordbruk. Den andre store bølgja kom som arbeidsinnvandrarar til Aust-Finnmark på 1800-talet.

Med seg i bagasjen frå Tornedalen i Nord-Sverige og Nord-Finland hadde dei tornedalsfinsk, også kalla meänkieli.

Allereie i vikingtida vart namnet Kvenland brukt om dei nordlege områda aust for Noreg, og då folket vandra, tok dei namnet med seg. Omgrepene kven har vore omdiskutert og mange kallar den dag i dag språket for finsk og kvenane for norsk-finnar, finlendarar eller finskætta.

På 1970-talet kom finske språkforskaranar til Noreg for å finne att dei utdøydde dialektane. Det dei



**Salmesong:** Mange kvenar var aktive læstadianarar. I salmeboka frå 2013 er det femten kvenske salmar. Dei fleste er omsette av Terje Aronsen.

ikkje tenkte på, var at kvensk hadde utvikla seg i eit heilt anna språksamfunn.

Den finske språkforskaren Anna-Kaisa Räisänen forklarar at forholdet mellom dagens finsk og kvensk er om lag som norsk og svensk.

Det finst ikkje sikre tal på kor mange kvenar som bur i Noreg, eller kor mange som snakkar språket. Det ein veit, er at språkkunnskapen er forsvinnande liten, og at dei som kan språket, er i ferd med å ta med seg kunnskapen i grava.

– Om ingen lærer språket, så kjem det til å døy ut. Slik er situasjonen for kvensk no. Dei yngste som har lært kvensk heime, er rundt 50 år, forklarar Räisänen.

**FORNORSKINGA** For forskarane som jobbar med det kvenske språket, betyr lokaliseringa av Kvensk Institutt i Børselv at dei sit «midt i smørauga av informantar».

Ein gong i tida snakka så godt som alle i den vesle bygda i Porsanger kommune kvensk. Då kommunen i 2003 offisielt tok namnet Porsangi vart det den einaste trespråklege kommunen i Noreg, og i fjor følgde Kåfjord etter.

I Børselv har det vorte undervist i



Østbye og Ingolf Westbø, som har henta inspirasjon frå



**Kvensk riddar:** – Det er småpengar det dei gjev til kvensk, som er det mest truga språket i Europa, om ikkje i heile verda, seier ein oppgitt Terje Aronsen, som er slått til Riddar 1. klasse av St. Olavs Orden.

# T SOM FORSVANN

finsk og seinare kvensk sidan 70-talet, men så seint som på 80-talet var ikkje det å vere kven noko ein snakka om, ifølgje Skanke.

– Eg trur ikkje dei direkte skjemdest over det, men det var ikkje ein snakkis. Dei har jo vore gjennom fornorskninga og dei traumane som følgde med, der dei mellom anna måtte fornorske etternamna sine for å få rett til jordstykke. Dei har jo vore gjennom ein prosess der dei heile tida skulle fornekte kven dei var, forklarar ho.

**SPRÅKREIR** Kvensk har saman med samisk, romanes og romani status som minoritetsspråk i Noreg. Samisk er det einaste av desse fire som er godkjent på nivå tre i Europarådets språkcharter. Med denne klassifiseringa følgjer fleire statlege forpliktingar til å ta vare på språket, enn på nivå to, der kvensk er plasert.

I februar gav regjeringa 2,5 millionar i støtte til ulike prosjekt som fremmar kvensk og kvensk/norsk-finsk kultur.

Den største summen gjekk til Kvensk Institutt, som vart stifta i 2005, same år som kvensk fekk status som offisielt språk i Noreg.

I dag jobbar Kvensk Institutt med å samle inn kvenske ord frå ulike dialektar til ordbökene og lage den første grammatikkboka. I tillegg har dei fleire kulturformidlings- og opplæringsprosjekt.

Eitt av desse er Kvenske språkreir, der 18 born i tre barnehagar i Porsanger lærer kvensk fire timer i veka. I tillegg samlar foreldra seg kvar veke til språktrening på kveldstid.

Gjennom tidleg innsats i barnehagen og samarbeid med foreldra håpar Kvensk Institutt å auke talet på elevar som vel kvensk som andrespråk frå første trinn.

## – SPRÅK FORSVINN HEILE TIDA

– Han er min bror? spør ein av deltagarane prøvande.

Språkforskar Räisänen stadfestar at deltagaren har forstått setninga riktig.

Sjølv om dei fleste av kvinnene som får vaksenopplæring ikkje har lært kvensk i oppveksten, har dei høyrt kjøkkenspråket.

– Spørsmålet er jo om språket vil bli brukt i kvardagen. Det er kanskje litt kynisk, men det er jo slik at språk forsvinn heile tida, seier Katrine Gran Andersen (34).

## » KVENANE

► Kveeni/kväani – er det kvenske namnet på både folkegruppa og språket

► Kvenane er ein norsk minoritet som vandra frå Nord-Finland og Nord-Sverige til Nord-Noreg i løpet av fleire hundre år. Dei første kom allereie på 1520-talet, men den største bølgja kom på 1700–1800-talet

► Kvenane fekk status som ein nasjonal minoritet i Noreg i 1998

► Ein reknar med at det bur mellom 10 000 og 15 000 kvenar i Noreg

► 16. mars er kvenfolkets dag

► Den kvenske befolkninga bur hovudsakleg i Nord-Troms og Finnmark.

► Kvensk er eit finsk-ugrisk språk som er nært i slekt med tornedalsfinsk eller meänkieli i Sverige og med nordfinske dialektar. Kvensk vert ikkje snakka i Finland

► Kvensk vart anerkjent som eit eige språk i april 2005.

► Mellom 2000 og 8000 personar i Noreg snakkar kvensk eller finsk, som nokon kallar det

► I 2003 vart Porsanger kommune den første trespråklege kommunen i landet, og i fjar følgde Kåfjord etter

► På kvensk heiter Noreg Ruija og Børselv Pyssyjoki

Kjelde: Kvensk Institutt



**Forkjempar:** Hilde Skanke, dagleg leiar for Kvensk Institutt i Porsanger, gler seg over at unge kvenar er stolte over opphavet sitt.



**Har fått oppleiring:** Det er stor mangel på både lærermiddel og ein av dei som har vore heldige og hatt kvenskundervisning

“ – Interessa er aukande, men korleis kan folk lære bort? Dei som kan det, fell i frå, og blant de

Småbarnsmora tykkjer likevel det er kjekt å lære meir om den kvenske arven. Sjølv kan ho ikkje meir enn å helse og til nød småprate litt på kvensk, men kanskje kan vesle Erik (7 md.) bli flinkare.

**KULT Å VERE KVEN** – Håpet er at det skal vekkje ei interesse i ungane, som gjer at dei vil halde fram og at språket kan reddast, seier Kine Øien Gran.

Den 28 år gamle småbarnsmora har lært litt kvensk på skulen, men stort sett har ho fått finsk som erstatning. Dei to yngste mødrrene i gruppa merkar at det i deira generasjon har vorte «kult å vere kven».

For foreldregenerasjonen er det annleis; då dei vaks opp, var det å snakke kvensk noko som gav deg ein plass i skammekroken.

Barnehagelærar Edel Skogen Andersen meiner førstehjelpa kjem 30 år for seint for det kvenske språket.

– Det er ein arv som er på veg i grava. Me er ganske fattige, og no prøver me berre å skrape saman det me har, før det er for seint, forklarar 55-åringen.

Ho er oppvachsen i Børselv der kvensk var daglegdags i heimen, men opplevde å bli sendt på norsk internatskule allereie frå første klasse.

**KVEN ER DU?** Jula 2014 lanserte Kveeniehuoret – Kvensk Ungdomsnettverk musikkvideoen «Være en kven», ei omskriving av innsamlingsaksjonslåta «Venn». Prosjektleiar Noora Ollila uttala den gongen at dei for fyrste gong på lenge såg lyst på framtida for kulturen.

Skanke meiner å sjå ei slags kvensk oppvakning der unge kvenar vert stadig meir stolte over opphavet sitt.

– Det er blitt viktigare i dag å finne ut kvar du kjem frå og kva du har med deg. Det å vere ein kven handlar ikkje nødvendigvis om at du må snakke språket, men at du føler tilhørsle til det kvenske, understrekar ho.

Men ei av dei største utfordringane for kvensk i dag er at det manglar lærermiddel, metodar og plattformer for læring.

– I Porsanger er me heldige fordi det har vore undervist i kvensk til og med tiande klasse ei god stund. Men når du ikkje har med deg den språklege tilhøyrsla heimanfrå heller, så har du jo ei kjempeutfordring, seier Skanke.

**LÆRARUTFORDRING** Men slaget er framleis ikkje tapt. I Børselv kan ein treffen kvenskspråklege på den lokale matbutikken.



**Kreative løysingar:** Språkforskar Anna-Kaisa Räisänen meistrar fleire kvenske dialektar både munnleg og skriftleg. Ho lagar eige lærermateriell til arbeidet med ungane.

– Minun nimi oon Steve. Mie olen Pys-syjovent poika, seier Steve Samuelsen.

Børselvguten, som han akkurat har presentert seg som, sit og kosar seg med kaffi og røyk ute i februar-kulda.

46-åringen lært morsmålet til mor si heime, men minnest at det på den tida var «fy fy å lære kvensk».

– Børselv har vore ein bastion for kvensken i alle år, men no er mange av dei eldre falne bort, seier Samuelsen.

På butikken i Børselv møter me også Tobias Dagsholm Johansen (12), som er ein av dei heldige.

– Det er gøy å lære kvensk, seier sjuandeklassen.

Han har kvensk bestemor og ser ikkje på det å vere kven som noko negativt. Han har hatt kvensk på skulen sidan første klasse, men for tida har dei ikkje nokon lærar som kan ta seg av kvenskundervisninga.

På Universitetet i Tromsø har dei teke behovet på alvor og sett opp fleire kurs i kvensk, men Hilde Skanke skulle ynskje at språket kom inn i lærarutdanninga.

– Ein kan til dømes ha ei stipendordning a la den samiske, slik at ein motiverer lærarar til å ta kvensk. Det er jo barn og unge som er nøkkelen her, slår ho fast.



g lærarkompetanse i kvensk. Tobias Dagsholm Johansen (12) frå førsteklasse.



**Børselvguten:** Steve Samuelsen (46) hugsar godt den tida då ein ikkje skulle lære kvensk.

Foto: Andrea Rygg Nøttveit

## ære språket når det ikkje er nokon som kan i som får ungar, er det ingen som kan det.

Terje Aronsen, kvensk eldsjel

**HJØRNESTEINEN** Ordføraren i Porsanger kommune, Aina Borch, er oppteken av å ha med historia når ein planlegg for framtida.

– Me er ein stor kommune i areal, der bygdene er viktige som språk- og kulturberarar. Børselv har vore ein hjørnestein for det kvenske samfunnet i mange, mange år. Her har du eldsjeler og fagpersonar som har jobba for å setje kvensk på kartet. Me har ressursane, men dei som snakkar språket flytande, er i feil ende av aldersskalaen med tanke på å skape ei framtid for det, seier Borch.

Ordføraren er klar på at grendeskular og barnehagar er viktige for å oppretthalde desse bygdene, men viser til at det òg må vere økonomisk og pedagogisk forsvarleg å drifta desse.

Ho er uroa for framtida til den kvenske bygda Børselv, som slit med fråflytting og per i dag ikkje har eigen barnehage.

– Eg vil seie at me reelt er trespråklege, men om me ikkje klarar å demme opp for den utviklinga me står i, er det fare for at det kvenske språket kan gå i oppløysing. Difor er det viktig å rette merksemda mot å byggje opp og revitalisere det kvenske språket, seier ho.

Ordføraren er oppteken av tidleg innsats i barnehage og skular. Ho

**“** Om me ikkje klarar å demme opp for den utviklinga me står i, er det fare for at det kvenske språket kan gå i oppløysing. Difor er det viktig å rette merksemda mot å byggje opp og revitalisere det kvenske språket.

Aina Borch, ordførar i Porsanger kommune

jobbar med eit felles skriv frå fleire ordførarar adressert til Universitetet i Tromsø der dei etterlyser ei målretta satsing for å rekruttera kvensklærarar.

– Det er viktig at me som kommune tek ansvar, men me klarar ikkje å løfte saka áleine. Her må alle gode krefter kome saman.

**BUTIKKEN I BØRSELV** I eit kafé-hjørne på butikken i Børselv sit Terje Aronsen, som fortel at han har vorte skulda for å finne opp kvensk, sidan han var den første som byrja å skrive ned det munnlege språket.

– Eg takkar og bukkar for det, men dei første kvenane kom til Noreg på 1520-talet og så gamal er eg ikkje, smiler 70-åringen.

Hilde Skanke på Kvensk Institutt stadfestar at det er Aronsen sin tekstproduksjon som dannar grunnlaget for ordboka dei no jobbar med. Ho gjev han difor mykje av æra for at kvensk har den posisjonen det har i dag.

Pensionisten var tidlegare tilsett på Kvensk Institutt, og har kjempa for språket i ei árrekke. Han er ikkje lenger den optimisten han ein gong var.

– Interessa er aukande, men korleis kan folk lære språket når det ikkje er nokon som kan lære bort? Dei som kan det, fell i frå, og blant dei som får

unger, er det ingen som kan det, seier han.

Den kvenske eldsjela er skuffa over myndigheitene, både lokale, regionale og statlege, som han meiner ikkje ser ut til å bry seg.

**NORMERING** På Kvensk Institutt etterlyser dei også ei meir heilskapleg og langsiktig satsing på kvensk språk i form av faste tilskotspostar.

Sidan kvensk framleis er eit ungtskriftspråk, jobbar Kvensk språkting under Kvensk Institutt mykje med normering. Dei har valt ikkje å basere skriftspråket på ein dialekt, og opnar difor for mykje valfridom.

– Det er jo eit kjempeproblem for oss som jobbar med språket, ler Skanke.

Ho ser likevel verdien i at språket femnar alle, slik at alle kvenane finn sin identitet og føler at det inkluderer dei.

Det er framleis mykje som står att for å få eit fullstendig ordtilfang på alle dei ulike kvenske dialektane. I dag har ordboka rundt 8000 ord.

– I motsetnad til samisk, så kan me ikkje ta bølgja, men for oss er det veldig stort, fordi det gjev oss ein plass å byrje, seier Skanke.

ANDREA RYGG NØTTVEIT  
[andrea@framtida.no](mailto:andrea@framtida.no)



Regiondirektør i Frydenbø Bilsenter, Lars Endre Gimmestad, brukar nynorsk for å tene pengar. Det er sot musikk i øyro på mållagsleiar Magne Aasbrenn.

Foto: Hallstein Dvergsdal

## – Kvifor skal vi jále oss til med eit anna språk?

Sogn og Fjordane  
Mållag skipa seminar for å få næringsslivet til å satse på nynorsk.

– Nynorsk som «vår» målform er eit viktig val både for meg og resten av organisasjonen, sa Lars Endre Gimmestad, regiondirektør for Frydenbø Bilsenter AS i Sogn og Fjordane.

Gimmestad var ein av talane på seminaret «Nynorsk løner seg» skipa av Sogn og Fjordane Mållag. I mars arrangerte lokallaget to samlingar, ei i Førde og ei i Sandane, for lokale næringslivsaktørar. Målet var å inspirere til og orientere om fordelane med nynorsk i marknadsføringa.

**STRATEGISK VAL** Frydenbø bilsenter AS har forhandlarar i både Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. Då verksamda i fjar feira 100 år, slo dei til med eit jubileumsmagasin på nynorsk, eksklusivt for Sogn og Fjordane.

“ – Vi brukar nynorsk bevisst, og vi brukar ein del tid på å omsetje reklame-materiell til nynorsk

– Vi brukar nynorsk bevisst, og vi brukar ein del tid på å omsetje reklame-materiell til nynorsk, sa regiondirektør Gimmestad.

Regiondirektøren forklarar at Frydenbø brukar nynorsk for å skape lokal identitet til produkta sine, og at det er eit strategisk og lønsamt val for verksemda, sjølv om det inneber ein del ekstra kostnader.

**«BALLÆR»** Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, er imponert over målbruken til Frydenbø.

– Det krev litt ballar det de driv med. Nynorsk er gjerne mest kjent frå poesi, drama og andre kulturformer, men de brukar det for å tene pengar. Det imponerer meg, sa Aasbrenn.

Mållagsleiaren heiar på nynorsk i marknadsføringa og er sjølv oppteken av å ete det han kallar «nynorsk mat», altså matvarer med nynorske namn og nynorsk marknadsføring.

**JÅLESPRÅK** Ein annan innleiari, Mona Steiner Brekkan, har skapt sin eigen arbeidsplass på Radøy. Frå gardsbruket sitt sel ho språktenester og opplevingar frå eit gardsbruk på Radøy.

– I Hordaland står vi litt meir med lua i handa enn de gjer her i Sogn og Fjordane. De er meir stolte av språket enn det eg opplever sør for fylkesgrensa, var bodskapen frå Brekkan.

Ho fekk støtte frå styremedlem i Sogn og Fjordane Mållag, Torleik Stegane, som siterte ein direktør i skipsverftsgruppa Kleven:

– Vi lagar båtar i verdsklasse. Kvifor skal vi då jále oss til med eit anna språk enn vårt eige?  
HALLSTEIN DVERGSDAL



**Språkkafé:** Sunndal Mållag inviterte til språkkafé på biblioteket med godt oppmøte og god prat.

# Serverer språk

Sunndal Mållag vil bidra til betre inkludering med språkkafé.

## » SPRÅKKAFÉ

► Les meir om studiestøtte: <http://www.kulturogradisjon.no/>

► Dersom du vil vite meir om å lage språkkafe, kontakt Nils Ulvund: 900 27 161

**MENNESKEMØTE** Ulvund er oppeten av at innvandrarane får god språk-praksis og får lært meir om lokalmiljøet dei har kome til. I tillegg meiner han

# 2,6 millionar til nynorske

**FÅR LÆREMIDDEL:** 48 kommunar har vedteke nynorskoplæring for innvandrarar. No skal dei få nynorske lærermiddel.

Det er ein kraftig etterspørsel etter lærermiddel på nynorsk til vaksne innvandrarar. Tal på kommunar som har eller har vedteke at dei skal setje i gang med nynorskundervisning, har auka til 48 kommunar.

– Kompetanse Noreg har ansvar for å skaffe nynorske lærermiddel til

dette opplæringssentera. Hausten 2016 lyste dei ut tilskot til utvikling og produksjon av lærermiddel på nynorsk. I utlysinga prioriterte dei to område basert på innspel frå Nynorskgruppa til Kompetanse Noreg, fortel Anne Kristin Myklebust, lærar ved Gloppen opplæringssenter og medlem av Nynorskgruppa til Kompetanse Noreg.

Lærermiddel innafor den fyrste lese- og skriveopplæringa og lære-



Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målungsdom, i framgrunnen.

Foto: Magne Aasbrenn

# folk og snadder

det er viktig at innbyggjarane møter dei nytiflytta.

– Det er veldig flott at lokale folk får møte innvandrarane, og så vert ein kjent med kvarandre og blir kvitt for dommane sine, seier målmannen.

Han fortel også at tiltaket får mykje merksemd lokalt, noko som gjer at andre organisasjonar vil vere med å støtte opp om arbeidet mållaget gjer.

## SPRÅKKAFÉ SOM STUDIETILTAK

Fleire lokale mållag over heile landet er aktivt med i arbeidet med å møte flyktningar og snakke med dei. Målet

er at dei nytiflytta flyktningane skal bli kjende med folk i lokalmiljøet og ikkje minst få trening i å bruke språket.

Noregs Måltag er innmeldt til Studieforbundet kultur og tradisjon. Det tyder at alle lokale lag kan søkje om studiestøtte. Eit kurs må vere minst 8 timer, og det må vere minst tre deltakarar som deltek 75 prosent av tida. Dessutan har Studieforbundet kultur og tradisjon ei eiga støtte som dei kallar tilretteleggingsstøtte.

Ulvdund oppmodar alle lokale mållag til å søkje støtte hjå studieforbundet.

HEGE LOTH  
hege.lothe@nm.no

# lærermiddel

middel som dekkjer nivå A2-B1, blei prioriterte.

Kompetanse Noreg fekk inn 13 søkerar og har fordelt midlane på fem av desse. Cyberbook: NorskPluss BI, Fagbokforlaget: Norsk nol, Fagbokforlaget: Bli klar!, Cappelen Damm: Hei! BI og Cappelen Damm: Hei! Alfa har fått til saman 2 560 000 kroner.

Enkelte av desse lærermedla gjeld berre revisjon eller omsetjing og vil bli ferdige i løpet av våren/hausten

2017. Til dømes Cappelen Damms Hei! Alfa er eit læreverk som skal utviklast. Dette vil ikkje vere ferdig før i 2019.

– Kompetanse Noreg vurderer det slik at når desse lærermedla er ferdige og ute på marknaden, vil ein stor del av det noverande lærermiddelbehovet på nynorsk vere dekt, fortel Anne Kristin Myklebust, lærar ved Gloppe opplæringsenter og medlem av Ny-norskgruppa til Kompetanse Noreg.

## »LANDET RUNDT

**FOLKERØYSTING I KLEPP** Klepp kommunestyre har vedteke å halde folkerøysting om opplæringsmålet på **Orstad skule**. Røystinga skal vera på stortingsvalldagen 11. september. Bakgrunnen er dårleg samsvar mellom vedteke opplæringsmål og målstoda på skulen. Av 199 elevar på 1.–7. trinn, er det 153 bokmålelever og 46 nynorskelever. På 1. trinnet i år er det berre fire nynorskelever. Klepp Mållag er kome godt i gang med røystearbeidet.

**PARALLELKLASSEARBEID** Noregs Måltag er kontakta av foreldre og målfolk som prøver å få nynorsk parallelklass i **Levanger, Trondheim, Oslo, Bergen, Karmøy og Stavanger**. Skrivarstova arbeider med saka saman med dei lokale mållaga.



Foto: Marit Aakre Tenno

**NY FYLKESLEIAR I NORD** **Magne Heide** (biletet) er ny fylkesleiar i Troms og Finnmark Måltag. Han er ein røynd målmann som har vore aktiv i både lokallag, fylkeslag og i styret sentralt. Han overtek etter Sæmund Stokstad.

**NY LEIAR PÅ SUNNMØRE** **Magnar Storøy** tek over vervet som leiar i Sunnmøre Måltag etter Knut Falk. Sunnmøre Måltag hadde eit godt besøkt fylkesårsmøte i starten av mars og er eit fylkeslag i medlemsvekst.

**JENS ROMSLO SJEF I BUSKERUD** Buskerud Måltag har valt **Jens Romslo** som ny leiar i laget. Han overtek etter Kjell Snerte, som gjekk av etter fem år som fylkesleiar.

**MÅLPRIS TIL HARALD KJØLÅS** Sunnmøre Måltag har gjeve målprisen til **Harald Kjølås**. Han har vore journalist og pressemann heile sitt liv. Frå 1978 til 2013 var han redaktør i Sunnmørsposten. Gjennom denne tida har han levert 16 000 leiarpalter. Han får prisen for bruk av ein god nynorsk.

**MÅLPRIS TIL ODDA UNGDOMSSKOLE** Kollegiet ved **Odda ungdomsskole** har fått målprisen av Odda Måltag.

– For lojaliteten til språkvalet til foreldra, og for den eine-ståande viljen til å gje nynorskelevane gode vekstvilkår slik at dei vert trygge og kompetente nynorskbrukarar, får kollegiet på Odda ungdomsskole Målprisen for 2016, seier Knut O. Dale, leiar i Odda Måltag.

## MÅBLOME TIL EIENDOMSMEGLER1 JÆRMEGLEREN

Ved opninga av vinterseminaret til Noregs Måltag på Bryne i februar, starta Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Måltag, med å gje heider til **Eiendomsmegler1 Jærmegleren**.

– Det er svært moro for oss å konstatere at bruken av nynorsk også viser seg å vere ein kommersiell fordel for dette firmaet, og at dei stadig får god respons frå kundane på akkurat nynorsk.

Kristine Ree Espedal og Ragnhild Torstensen Røykenes tok i mot prisen på vegner av Eiendomsmegler1 Jærmegleren.

**NYTT LIV I ELVERUM** Torsdag 2. februar møtte det femten menneske på Elgstua i Elverum for å starte opp att Elverum dialekt- og mållag.

– Målet med møtet var å få nytt liv i dialekt- og målarbeidet på Elverum etter at det har vore eit kvilande lag i nær femten år, fortel Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Måltag. Han var til stades på mållagsmøtet, og med røter frå Østerdalen tykkjer han det er spesielt gledeleg å få opp aktiviteten her. Det er eit lag med lange tradisjonar. Det er 101 år sidan Elverum Måltag vart skipa.



På ei samkome i Askøy Mållag 21. mars vart Norvald og Grace Hestholm (i midten) heidra med varme ord, blomar og bokgåve. Til venstre står leiar i Askøy Mållag, Erlend Bakke, til høgre Einar Ådland, tidlegare leiar i Askøy Mållag og Hordaland Mållag.

Foto: Hans Birger Drange

# Målmann, skuleleiar og idealist

Tysdag 21. mars vart Norvald Hestholm heidra for sin innsats i Askøy Mållag.

Den kjende skulemannen og målmannen Norvald Hestholm gjekk nyleg ut av styret i Askøy Mållag, etter sterkt og gjevande arbeid for målsaka i heradet gjennom meir enn ein mannsalder.

Tidlegare leiar i Askøy Mållag og Hordaland Mållag, Einar Ådland, har samarbeidd med Hestholm i mange år.

– Norvald er heiderslagsmann i Askøy Mållag- og idealist.

I mange år var han leiar og styremedlem i Askøy Mållag, og dertil bladstyrar for mållaget sitt julehefte Jul på Askøy. I tretti år var han rektor på Træet skule, der han sette merke etter seg, både som dugande skulemann og som aktiv, prinsippfast målmann, sa Ådland.

– Den innsatsen han har gjort for målsaka, kan knapt vurderast høgt nok.

Ved å ta vare på og dyrka nynorsk skulemål kom Norvald Hest-

holm til å spela ei avgjerande rolle for utviklinga av dette målet på heile nordre Askøy.

Når nynorsken vann i to skulemålsröstingar – i 2003 og 2010 – i Træet og Fauskanger krinsar, var ein viktig grunn til det det livsverket Norvald la ned i si daglege gjerning i Træet skule.

Gjennom undervisning og veremåte fekk han fram at nynorsken er noko sjølvsgått og naturleg for elevar, foreldre og bygdefolk elles. Med praktiske døme syntet han den nære samanhengen mellom skriftleg nynorsk og talemålet i krinsen.

– Den kjærleiken han hadde og har til nynorsk mål formidla han til elevane med ein dugleik og varme som gjorde varande inntrykk, sa Ådland, og takka for det verdfulle arbeidet.

Han takka òg kona til Norvald, Grace, for det ho har gjort i Askøy Mållag, som trufast styremedlem og støttespelar.

– Ho var ei søyle, ein pilar, som alltid var å lita på når lagsmøte, styremøte, årsmøte og andre tilskipningar skulle organiserast.

Grace har vore til stor hjelp for målsaka på Askøy, sa Ådland.

## ODDA MÅLLAG >


På heimesida vår [oddamallag.no](http://www.oddamallag.no) kan du m.a. lesa om arbeidet for Oddamodellen, nynorsk for innvandrarar og sidemålsstilen.

NYNORSK  
JOURNALISTUTDANNING  
**med løn**

- Noregs mest effektive opplæring i avisjournalistikk
- 6 månader teori og praksis i Firda Media og sjølvvald avis
- Du skriv nynorsk, er samfunnsengasjert og vil bli journalist
- Vi tek inn søkerar med ulike utdanningar og bakgrunn



finnivuno / Foto: Bent Are Iversen



**Ueinige:** Aud Søyland og resten av forfattarane av Enkel nynorsk ordliste har droppa valfridommen.  
Det meiner UiB-professor Helge Sandøy er ein därleg idé.

Foto: Hallvard Østrem/NPK, Noregs Mållag og Universitetet i Bergen

# Gir ut trøng nynorsknorm

Det vart aldri noko  
av tilrådd-norma  
som Språkrådet ville  
lage i kjølvatnet av  
den nye nynorskrettskrivinga i 2012. No  
har Samlaget laga  
noko som liknar.

– Veldig beklageleg, meiner språkprofessor Helge Sandøy ved Universitetet i Bergen, som var ein av dei som gjekk imot tilrådd-norma i 2012.

Den nye Enkel nynorsk ordliste byggjer på ordbasen til Samlagets klassikar Nynorsk ordliste, men er heilt fri for valfrie former. I lista er former som kome, gi, tek, tenke, ønsker, bruker og maskinen, bølge og grisar eineformer. Boka er mynta på «deg som skal skrive nynorsk i arbeidssamanheng, og som kjenner deg usikker på valfridommen i nynorsk».

Forfattarane Karl Arne Utgård, Aud Søyland og Margunn Rauset presiserer i innleininga at ordlista ikkje er godkjent for skulebruk, men ser for seg at boka kan vere nyttig for dei som skriv på nynorsk i det offentlege og i næringslivet, kanskje òg som husnorm i etatar og verksamhender.

– Dette er eit tilbod til dei som strevar med nynorsk og først og

fremst dei som må skrive nynorsk i jobben, seier ordboksredaktør Aud Søyland, som gjennom fleire år har redigert nye utgåver av Alf Helleviks Nynorsk ordliste saman med Margunn Rauset.

– Ordlista kan òg vere relevant for dei som har framandspråkleg bakgrunn, og for grupper av folk som skal samarbeide om dokument, seier Søyland, som òg var sekretær i rettskrivningsnemnda som utarbeidde 2012-normalen.

**MIDLINJENYNORSK** I arbeidet med Enkel nynorsk ordliste har Søyland og Rauset hatt med seg høgsterettsdommar Karl Arne Utgård, som i mange år har arbeidd for å få innpass for nynorsk i jussen og rettsstellet, mellom anna gjennom ordlista Juridisk og administrativ ordliste. Det var òg Utgård som tok initiativet til den nye ordboka.

– Etter at den nye nynorskrettskrivinga ikkje vart så stram, såg både han og fleire behovet for ei slik midtlinjenorm innanfor nynorsken. Før hadde du læreboknormalen, som gav ei trøngare norm for dei som hadde bruk for det, seier Søyland.

Språkrådet såg òg behov for ei slik ekstranorm med mindre valfridom i kjølvatnet av 2012-reforma og gjekk da inn for å lage ei eiga ikkje-obligatorisk «tilrådd norm» med innskrenka valfridom. Men det forslaget vekte skarpe protestar. Kritikarane såg tanken om ei slik indre norm som eit brot på premisane for prosessen som leidde fram

til den nye nynorskrettskrivinga, der skiljet mellom hovud- og sideformer vart avvikla. Ei tilrådd norm kunne fort oppfattast som ei ny hovudnorm, meinte dei. Språkrådet realiserte heller aldri tilrådd-norma.

**– VELDIG BEKLAGELEG** Språkprofessor Helge Sandøy synest den nye ordlista er ein därleg idé.

– Dette byggjer på ei førestilling om eit autoritært riksmål der det ikkje skal vere val i det heile. Det står i motstrid med tradisjonell målsak, seier Sandøy.

Han fryktar at eineformsnorma fort kan få status som nynorsk hovudnorm, sjølv om ho verken er ofisiell eller laga i Språkråd-regi.

– Det er fare for at denne norma får ein slags autorisert status i praksis, fordi ho blir brukt i diverse kontor og departement. Dermed kan dette bli den mest gangbare nynorsken, mens ein annan nynorsk ikkje skal vere like gangbar, seier Sandøy.

– Vi risikerer å komme tilbake til ein situasjon med normhiérarki, som mange var imot før 2012-norma. Da vart tonivåsystemet med klammeformer sett som pedagogisk forvirrande. No kan vi risikere at ein del av norma får ein høgare posisjon likevel.

**BUDD PÅ REAKSJONAR** Søyland har vore budd på at det kunne komme reaksjonar på ordlista, og ho reknar med å få skjenn for både det eine og det andre.

– Eg hadde aldri gjort dette da eg var ung student, for da var eg i



eit miljø der dei hundre blomstrar skulle få blomstre, for å seie det slik. Men når eg etter over tretti år med nynorsk språkretting og språkrettleiing ser kor mange som strevar med nynorsken, så trur eg dette kan ha noko for seg.


Sandøy sitt frykt for at norma skal bli ei form for overordna nynorsknorm, deler ho ikkje.

– Eg har framleis veldig sans for valfridommen i nynorsk, men det går an å ha to tankar i hovudet samtidig og sjå at ikkje alle kan utforske nynorsken ut frå eige talemål. Dei som må skrive nynorsk i jobben og strevar litt med det, er ikkje interesserte i å utforske nynorsken. Dei vil vite kva som er rett, og kva som er gale, seier Søyland.

Sjølvे normeringa har dei tre gjort ut frå bruksfrekvens, system og eigne felles vurderingar om «midtlinja» i nynorsk. Da har former som gje, dratt, skuld, lunkent, bølgje og bylgje måtte vike for gi, drege, skyld, lunke og bølge. Søyland ventar seg likevel mest reaksjonar på at dei har valt å stryke alle former med tradisjonell -gj og -kj, som i tenkte og følge.

– J-formene har ingen funksjon lenger. Når det er så mange som ikkje har denne j-en i talemålet lenger, så trur eg han er eit kompliserande element. Vi landa på at vi skulle droppe den. Men eg må innrømme eg er redd for at vi kjem til å få mykje kjeft for dette, seier Søyland. (©NPK)

HALLVARD ØSTREM  
NPK



DYRSKU'N  
8.- 10. SEPT '17

# NOREGS STØRSTE MARKNADSPLASS

• 3 DAGARS FOLKEFEST • 740 UTSTILLARAR • 90 000 BESØKANDE • 170 MÅL MARKNADSMÅRÅDE



8.- 10. SEPTEMBER 2017

HANDEL × LANDBRUK × ANLEGG × HUSDYR × MAT × HUSFLID × KULTUR × FOLKELIV

Meir informasjon på [www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no)



# Kvifor skal russetida vere eit unntak?

Me i Norsk Målungdom meiner at ingen skal måtte byte språk for å delta i russefeiringa.

I fjor hadde me kampanjen #nynorskkrussetid, og resultatet av kampanjen ser du på russ landet over til vårs: No er det mogleg å vere russ på nynorsk!

**RUSSEPRESS** Før russetida i fjor vart me kontakta av ein medlem som tykte det var leitt at han ikkje kunne ha russekort som det stod «raudruss» på. Nokon burde få russeutstyr produsentane til å lage kort på nynorsk, meinte han. Det var me heilt samde i. Difor laga me kampanjen #nynorskkrussetid for å leggje press på dei største russeutstyrprodusentane, Russeservice og Russedress, slik at dei

skulle gå med på å lage nynorske russekort.

Målet med kampanjen var å få nynorsk russeutstyr, men også å gjøre det mogleg for folk å vere nynorskruß sjølv utan russekort med «raudruss» på. Me laga nynorske russekort med Ivar Aasen på og lanserte våre eigne nynorske russeknutar, som me oppfordra russe til å dele biletet av på Facebook og Instagram. Kampanjen vart teken godt i mot, og mange sa dei skulle ynskle at det hadde vore nynorske russeknutar då dei var russ. Det var kjekt å sjå at så mange tok i mot ei etterlengta moglegheit til å vere russ på nynorsk.

**NYTTIG KAMPAJNE** Mot slutten av russetida, etter ein vel-lukka kampanje og ein god del samtalar med Russeservice og Russedress fekk me svar: Dei sa ja til å tilby russekort som det står «raudruss» på, men òg eit eige strykesett med nynorske strykemerke til dei som er russ i 2017! Strykemerka

er designa av vår eigen leiar, Synnøve Marie Sætre, og etter kva me har hørt mellom medlemane våre, har fleire allereie sikra seg dei gjæve merka.

Gjennom kampanjen såg me verkeleg at mange ynskjer å halde på språket sitt når dei er med på russefeiringa, men utan tilgjengelig og ferdigprodusert materiell, er det leitt å få til. Arbeidet med russekampanjen syntet oss at med litt merksemnd på saka og ein god dialog mellom partane, treng det ikkje vere så leitt å få meir nynorsk i kvardagen.

## HURRA!

Neste steg blir å gjøre strykermerka og russekorta med «raudruss» på til ein fast del av varene hjå Russeservice og Russedress, slik at all russ til all framtid kan vere nynorskruß. Men inntil vidare seier me hurra, og tusen takk til medlemane våre som bidreg til å gjøre nynorsken synlegare.

KIRSTI LUNDE



## Ikkje gløym hovudmålet

**I VINTER HAMNA** eg i ein sidemålsdiskusjon med ein elev medan eg stod på stand. Det er ikkje akkurat så sjeldan det hender, men denne gongen var eleven nynorskbrukar, og det er ikkje like ofte det er dei ein lyt diskutere sidemål med. Eleven var ein av få nynorskbrukarar på ein vidaregåande skule der dei verkeleg hadde satsa på å styrke sidemålsoplæringa. Det er sjølv sagt heilt strålande med slike tiltak, og det verka som om det bidrog til at elevane på skulen jamt over var positive til sidemålet sitt. For denne eleven var situasjonen ein annan. Som nynorskelevar flest, meistra hen sidemålet sitt godt. Hen budde i eit område der det var lite nynorsk å sjå utanom i skulen, og med svært mykje skriftleg arbeid på sidemålet, syntest eleven at hen ikkje fekk nok trening i å skrive nynorsk.

**DET BYRJAR NÆRME** seg valkamp, og vår oppgåve i valkampen er å utfordre partia på språkpolitikk og fungere som kunnskapsbank for politikarar. Målungsdomen har allereie hatt skulering om språkpolitikk for fleire av ungdomspartia, og meir skal det verte. I skulevalkampen er særleg sidemålet ei viktig kampsak, og det er gjerne det mange av ungdomspolitikarane ynskjer å verte drilla på. Me gjer vårt beste for å ruste dei med gode argument for å styrke sidemålsoplæringa, både gjennom innleiingar og ved å lage debattnotat.

**DET ER VELDIG** kjekt å oppleve at så mange er opptekne av å gjøre ein god jobb for nynorsken i valkampen, men eg ynskjer meg ein språkdebatt som i mykje større grad òg lyftar fram nynorsk som hovudmål. Nynorskelevar er i ein heilt annan situasjon enn bokmålselevane, noko eleven eg diskuterte sidemål med, er eit svært godt døme på. Medan bokmålselevane har høve til å sjå hovudmålet sitt elles i samfunnet, ser nynorskelevar mykje mindre av språket sitt i bruk. Nynorskelevane må difor ha visse ekstra språklege rettar i kraft av å vere i mindretal. Skulen er ein av få stader ein kan styre kva språk elevane ser, og han er difor ein særleg viktig arena for å sikre at nynorskelevane får sjå og bruke tilstrekkeleg mykje av hovudmålet sitt.

**DET SKAL VERE** like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar. For å få til det er me avhengige av ei god sidemålsordning og betre vilkår for nynorskelevane, og me treng politikarar som er med på å gje nynorskelevane betre høve til å verte trygge språkbrukarar.

# Arkivet til Noregs Mållag

## » ORDSKIFTE

Eg ser at den gamle soga om at arkivet til Noregs Mållag gjekk med under krigen framleis lever i lærebøker og andre framstillingar av den norske språkhistoria. Difor tykkjer eg det høver med ei oppklaring, sidan mange – både unge og eldre – sikkert ikkje har oversikt over arkivsaka som Noregs Mållag arbeidde med i 1980-åra.

Då nazistane tok over styringa med mål- og ungdomslagsamskipnaden i februar 1942, la styret i Noregs Mållag ned arbeidet sitt og styremedlemene gjekk frå verva sine.

Eit nazistyrt Norsk Målkontor vart skipa med Knut Knutsson Fiane som styrar, medan mållaga la ned verksemda si. Mange i etterkrigstida trudde då at det sentrale arkivet til NM fylgte med på lasset og gjekk med under den allierte bombinga av Victoria Terrasse i nyttårshelga 1944–45. Nazikontoret vart øydelagd under dette bombeåtaket.

